

Sangefjellvegen / Sangefjell Skiløypeutvalg

Mars 2009

Til hytteforeningane.

Vedlagt finn de rekneskap 2008 for Sangefjellvegen og skiløypeutvalget.

Som de ser hadde vegen eit stort underskot også i 2008. Dette skyldast både mykje brøyting og store investeringar i elektronisk bom. Dette er ei investering for framtida, som me håpar både vil gje auka inntekter til vegen over tid og auka sikring av hytter og andre anlegg som ligg på innsida av bommen.

Rekneskapen for løypeutvalet syner at andelen hytte-eigarar som har betalt bidrag har gått litt opp, til ca. 70 %. Opparbeiding og drift av skiløyper vert dyrare og dyrare og brukarane vil gjerne ha høg standard. Det er me og interessert i, men me er heilt avhengige av økonomisk støtte frå hytte-eigarar og andre som bruker løypene for å kunne tilby den standarden på løypenettet som brukarane etterspør og me gjerne vil levere.

Ål Utvikling har oppfordra alle hytte-eigarar om å betale inn kr. 650,- til løypelaget denne vinteren. Me vel å halde på kr. 500,- eitt år til, men forutset då at andelen hytte-eigarar som betaler overstig 90 %.

Med ynskje om mange fine hytteturar og ei god påske frå

Sangefjell Skiløypeutvalg

Eilef Rotebakkdokken
(formann)

Eilif Gundersen

Jan Idar Dalseide